



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for februar 2024.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
59



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Ove Midtflø  
Visepresident: Astrid Velle  
Styremedlem: Svein Dag Slettebakk  
Sekretær: Bernhard Harkjerr  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Idar Flø  
Ansv.red.: Øystein Alme  
Referent: Øystein Alme

---

---

## Vinter

Det er kaldt i aften.  
Jeg kjender, du skjælver  
og klynger dig tæt til min arm. -  
Vi går under træernes stivfrosne grene,  
og alle de bittesmå kvistefingre  
bæver i blåhvide rimfløielsvanter,  
og alting sover.

Mod somren - de duftlumre sommernætter -  
længes vi begge. Mod løv og sol  
og fuglenes dæmpede fløiten i skoge. -

...Men kommer de tider, da kan det jo hænde,  
at én går så stille de gamle stier  
og bærer en svidende længsel isinde.  
Kanhænde den ensomme truer mod himlen  
og bander al sommerens gjøglende flitter.  
Går blot og pleier et bittersødt minde,  
født under rimhvide lindegrene.

Vilhelm Krag

---

## Referat frå Rotarymøte 5. februar 2024.

Idar Flø ønskte vel møtt til ordførar Bernt Brandal og medlemmer i klubben, då president Ove Midtflø var på reise.

Kveldens song: Dei gamle fjell i syningom, Ivar Aasen

Program: Foredrag av ordføraren, «Kva skjer i Hareid».



Ordføraren fekk så ordet og heldt eit foredrag om prosjekt og aktivitetar som Hareid kommune arbeider med, mellom anna dette:

Hamneområdet  
Hareid asylmottak  
Hareid ungdomsskule (renovering eller nybygg).  
Syverplassen barnehage (renovering/påbygg).  
Renseanlegg (vil verte ein stor kostnad for Hareid kommune)  
Trafikktryggingssplan  
Bustadfelt Plassane (oppstart infrastruktur i vår).

Bustadfelt Pålhaugane (oppstart infrastruktur i vår), tilrettelagt for personar med særskilte behov.  
Bustadfelt Brekkane (oppstart utbygging i vår), tilrettelagt for innvandrarar og seinare eldrebustadar.  
Ungdomsklubb (nyrenoverte lokaler i rådhuset).  
Kultur

Idar Flø informerte om at neste møte vert ei «Intercity møte» for rotaryklubbane i Herøy, Ulstein og Hareid på Hareid folkebibliotek, der Kristine G. Haddal vil halde foredrag.  
Idar Flø takka så til slutt ordføraren i Hareid og medlemmane i klubben for møtet og ønskte alle vel heim.

## Referat frå Rotarymøte 12. februar 2024.

Intercity møte, Hareid folkebibliotek.



Intercity møte, Hareid folkebibliotek.

Ove Midtflø ønske vel møtt til Kristine Gølin Haddal og medlemmer i rotaryklubbane frå Herøy, Ulstein og Hareid.

Kristine G. H. som både er mor og manager til Karsten Warholm fekk så ordet og tok til på foredraget om reisa hans frå barneåra i Dimna IL der det var eit godt samhold med vekt på å ha det kjekt sosialt for både barn og vaksne, til tida no som verdensstjerne.

Som familie bestemte dei seg tidleg for stille samla opp på alle arrangement dei kunne.

Karsten var fleire år aktiv i mangelkamp med Arve Hatløy som trenar, fram han til han gjorde eit val om å satse for fullt på 400m hekk med Leif Olav Alnes som trenar.

Karsten fekk sitt store gjennombrøt under VM i London i 2017, då han vann sin første verdsmeistertittel på 400m hekk.

Kristine gjekk inn i stillinga som fulltids manager i 2018, saman med eit støtteapparat som tek seg av både økonomi (Elsa), presse (Lasse) og arrangement (Ståle Johan). Karsten med trenar Leif Olav, tek seg av alt som har med det sportslege å gjere.

Presidenten takka Kristine for eit godt foredrag og overrekte ei jubileumsbok frå Hareid IL som takk.



Presidenten avslutta møtet og ønske alle alle vel heim.

## **Referat frå Rotarymøte 19. februar 2024.**

Idar Flø ønske vel møtt til nytt møte då president Ove Midtflø var på reise.

Kveldens song: «Å kjøre vatn», som er ei norsk folkevise

Program: Foredrag av Eileen Hareide Brandal, med tema MMC First Process som er den noverande arbeidsplassen hennar.

Sverre Jarl Ulstein informerte kort (før E.H.B. starta på foredraget) om tankar arbeidsgruppa for Rotarystien gjer seg, for å stå bedre rusta til framtidige aktivitetar. Det kan vere å trekke stauam fram til den store gapahuken (for bruk til eventuelle konsertar), forlengje stien fram til Golfbana m.m.

E.H.B. heldt så foredraget sitt om den noverande arbeidsplassen sin, MMC First Process på Mjølstadneset i Herøy.

Dette er eit selskap med 225 tilsette, 140 av desse høyrer til kontoret i Herøy, dei øvrige er fordelt på Digerneset i Ålesund og Haugesund.

MMC First Process arbeider mykje med utstyr for fiskehandtering, der fiskevelferd står i fokus.

Det vart framheva at dei har moderne og godt utstyr som vert brukt frå smolt til slaktefisk.

Kundegruppa deira er fordelt både på sjø- og landbasert fiskehandtering.

## Referat frå Rotarymøte 26. februar 2024.

Programfritt møte.

Idar Flø ønskte vel møtt til nytt møte då president Ove Midtflø var på reise.

Kveldens song: Til lags åt alle kan ingen gjera, Ivar Aasen  
Valg av song gjenspeilar situasjonen til Hareid kommune.

Dei store overskridingane i kommuneøkonomien og oppseinga av kommunedirektøren denne dagen gjorde at Oskar G. fekk ordet for å informere kortfatta om situasjonen.

Sverre Bjåstad informerte frå siste møtet dei hadde hatt i den kommunale namnenemda, med ein påfylgjane diskusjon om stadnamn i Hareid retta mot vala dei måtte gjere.

Presidenten slapp så praten laus, der kommuneøkonomien nok stod i høgsetet.

Presidenten takka for møtet og ønskte alle vel heim

